



Jan Erik Mjelde Ottesen
Mårdalen 11
5236 RÅDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4219 - 22/53695

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
30.06.2022

Svar på spørsmål knytt til bygningstype - gbnr 445/19 Manger nedre

Vi viser til dykkar førespurnad om bygningsstatus og straumstøtte datert 20.05.2022.

Bygning med adresse Raunholmskogen 15 er i matrikkelen registrert med bygningsstatus *bustad nyttast som fritidsbustad* (kode 162). Bygningskoden viser bygget sin faktiske bruk, og tyder på at bygget er godkjend oppført som bustad. Dette synast også å samsvara med dei opplysningane du gjev om at du i sommarhalvåret bur på denne adressa, medan du har fast bustadadresse i Bergen kommune.

Kommunen har ikkje kjennskap til kva status bygget må ha for å utløysa straumtilskot. Dersom du ønskjer å ta bygget i bruk som heilårsbustad kan du be om å få endra bygningsstatus tilbake til bustad (kode 111).

Skjema for endring av bygningsstatus finn du på kommunen sine heimesider, sjå her: [Alver kommune - Endre bygningsopplysningar i matrikkelen](#)

Vi gjer merksam på at dersom det er lenge sidan bygget var i bruk som heilårsbustad, dersom bygget ikkje har standard som ein heilårsbustad eller bygget har løysingar for veg, vatn og avløp som ikkje kan godkjennast i dag, kan det vera nødvendig å søkja om bruksendring etter plan- og bygningslova før bygningsstatus vert endra. Du bør derfor gjera kort greie for desse forholda ved innsending av skjema for endring av bygningsopplysningar. Legg gjerne ved eit bilete av bygget.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jan Erik Mjelde Ottesen

Mårdalen 11

5236 RÅDAL